

Kva er universitet og høgskular til for? Den norske universitets- og høgskulesektoren ved inngangen til 2020-talet.

Av Gunnar Yttri, Høgskulen på Vestlandet

Innlegg ved Utdanningspolitisk konferanse, Nord universitet, Campus Nesna, 31. oktober 2019.

Takk for invitasjonen til Nesna!

Eg tek opp tre tema i dag. Eg vil snakka om sambandet mellom lokalisering av høgare utdanning og regionalt arbeids- og samfunnsliv. So vil eg ta opp at fleir-campus høgskular og universitet fordrar nye tenke- og arbeidsmåtar. Til sist vil eg fortelja om røynsler frå Høgskulen på Vestlandet som vart skipa 1. januar 2017.

Eg er tilsett ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal, der eg arbeider som lærar og forskar. Mitt fag er historie. Eg er medlem i styret for høgskulen, vald av dei tilsette.

Om nokon skulle undrast; det eg legg fram står for mi rekning. Det er tema eg har arbeidd med i eiga forsking som utdanningshistorikar og det er tema eg har arbeidd med i mitt arbeid for å bidra til å utvikla Høgskulen på Vestlandet.

Lokalisering av høgare utdanning og regionalt arbeids- og samfunnsliv

Forventingane til dei høgare utdanningsinstitusjonane har endra seg dei siste 50 åra. 1980-åra baud på sterkare forventingar om forsking og framveksten av forskingsbaserte verksemder. I 1990-åra kom innovasjons-omgrepet til. Saman med førestillingar om globalisering og kunnskapssamfunn, vart innovasjonsperspektivet pregande for ordskiftet om utdanning og forsking på 2000-talet. Trekant-samarbeidet, det sokalla «triple helix», mellom utdannings- og forskingsinstitusjonar, arbeids- og næringsliv og offentlege styremakter vart vegen til å fremja kunnskapsutvikling og innovasjon. I vårt eige tiår har internasjonalisering av utdanning og forsking vorte eit stadig sterkare innslag.

Dei nye forventingane er også kome inn i universitets- og høgskulelova. Samfunnsoppdraget er utvida: Institusjonane skal ikkje berre driva utdanning, forsking, og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid på høgt internasjonal nivå. Universitet og høgskular skal også bidra til innovasjon og verdiskaping og samarbeida med lokalt- og regionalt arbeidsliv.

Dei høgare utdanningsinstitusjonane kan etter dette spela ei mangslungen regional rolle: Dei kan tilby utdanning og kompetanse, dei kan vera ein viktig arbeidsplass og gje ein stor etterspurnad etter varer og tenester der dei er lokalisert, dei kan auka produktivitet og innovasjonsevne, dei kan verka som ein magnet på eit spekter av andre verksemder, dei kan gi knoppskyting, dei kan byggja nettverk, dei kan vera kulturskapande, dei kan gi regionen eit godt omdøme, og dei kan styrka regionen politisk.

Trass i det større og meir komplekse samfunnsoppdraget; dette bør ikkje løyna at den viktigaste rolla til universitet og høgskular er den same ved inngangen til 2020-talet, som då arkitekturen for moderne norsk høgare utdanning vart teikna av Ottosen-komiteen i siste halvdel av 1960-åra:

Universitet og høgskular sitt viktigaste bidrag til samfunnet er å utdanna dugande kandidatar.

Kvar vert det so av kandidatane frå dei ulike lærestadane som finst rundt omkring i Noreg? Spørsmålet sender oss inn i følgjande paradoks: Trass i at lokaliseringa av høgare utdanning til ulike stader i landet har vore grunngjeve med ulike regionar sin tilgang på kompetanse, so er det i særsliteng grad vorte systematisk undersøkt kvar kandidatane frå den einskilde lærestad tek seg arbeid. Departementet har ikkje vore nemnande opptekne av dette, og dei ulike høgskular og universitet har forsømt seg. Spørsmålet om kvar i vårt langstrakte land dei titusenvis av kandidatane faktisk arbeider, har ikkje vorte systematisk undersøkt.

For historikaren og samfunnsforskaren som er oppteken av kva innverknad dei ulike institusjonane har hatt, er det ein fortvila situasjon at slike viktige data på regionalt nivå manglar. Verre er det kanskje likevel at eit grunnleggjande viktig kunnskapsgrunnlag har mangla i utforminga av høgare utdanningspolitikk: Den geografiske lokaliseringa av kompetansen som er utdanna har ein ikkje systematiske og detaljerte kunnskapar om.

Det er eitt viktig unntak. Senter for profesjonsstudiar, ved dåverande Høgskulen i Oslo og Akershus, gav i 2012 og 2014 ut to rapportar som undersøkte kvar kandidatar frå høgskular på Vestlandet og i Oslo og Akershus vart sysselsette. (Høgskulane sjølve og Universitetet i Stavanger bestilte rapportane som hadde grunnlag i registerdata frå Statistisk Sentralbyrå).

Undersøkingane gjaldt kandidatar utdanna i tidsrommet frå 1995 – 2010, og det gjaldt både utdanninger retta mot velferdsyrke (lærar, sjukepleiar, sosialt arbeid, og andre) og det gjaldt næringsretta utdanninger som til dømes ingeniør-utdanning og økonomi og administrasjon.

Rapportane dokumenterer på detaljert vis tilhøvet mellom lokalisering av utdanningstilbod og geografisk sysselsettjingsmønster. I vår samanheng kan eg berre løfta fram nokre hovudpunkt:

Det er to hovudskilje i tilgangen på utdanna kandidatar:

- Hovudstadsområdet er meir attraktivt enn Vestlandet.
- Byen er meir attraktiv enn bygda.

Di meir ruralt eller landleg eit område er, di meir avhengig er området av å utdanna kandidatar i eige fylke eller region. By eller land; felles er det at dei som tek utdanning i det fylket dei har vakse opp, har ein sterk hang til å gå ut i arbeidslivet i heimfylket eller regionen.

Kva so med dei som reiser ut av eige fylke for å ta utdanning?

Lat oss sjå på **velferdsprofesjonane** (lærar, sjukepleie, sosialt arbeid, og andre). Storbyfylka (Oslo/Akershus, Hordaland og Rogaland) var det utsikt til å få tilbake om lag 60% av dei som reiste ut for å studera. I Noregs mest rurale fylke, Sogn og Fjordane, var det utsikt til å få tilbake om lag 20% av dei som reiste ut for å studera.

I høve til **næringsretta utdanninger**, merkar me oss skilnaden mellom det sentrale Austlandet og Vestlandet. Medan Oslo og Akershus hadde sterkt dragnad på ferdig utdanna kandidatar frå høgskular på Vestlandet, sysselsette Vestlandet knapt kandidatar som hadde teke utdanning utanfor høgskulane på Vestlandet.

Kunnskap om kvar i landet kandidatane frå dei ulike institusjonane kjem i arbeid er viktig for å forstå dei einskilde universitet og høgskular sin samfunnsnytte. Men dei nemnde rapportane er ikkje del av litteraturgrunnlaget for strukturreform i høgare utdanning.

Kandidat-undersøkinga på Vestlandet 2018 stadfestar mønsteret som alt er presentert: Vestlandet opplever hjerneflukt til det sentrale Austlandet, og får høvesvis lite tilbake. Dei høgare utdanningsinstitusjonane på Vestlandet har med andre ord viktig arbeid føre seg for å styrka kompetansen i eigen region. (Høgskulen på Vestlandet er bestillar saman med Universitetet i Bergen og Noregs Handelshøgskule.)

I høve til busetjingsmønster kan me merka oss følgjande samanheng: Dei siste femti åra har høgare utdanning fått ei stadig aukande rolle for kvar unge menneske etablerer seg. Stadig større del av ungdomskulla tek høgare utdanning og høgare utdanning gir viktig grunn til å flytta. Di lengre utdanningslaup, di større er sjansen for at dei unge buset seg varig i nærleiken av lærestaden.. Val av partner, etablering av familieliv og inngangen i arbeidslivet skjer i aukande grad i samband med utdanning.

Nye tenke- og arbeidsmåtar

Målet og meaninga med dei mange fusjonane etter strukturreforma var å skipa større og sterke fagmiljø. Skal ein lukkast må nye tenke- og arbeidsmåtar vinna fram. Men vårt eige tilsynsorgan NOKUT peika våren 2019 på at fleire fagmiljø ikkje utnyttar det nye handlingsrommet. Det eksisterer myter i sektoren som er til hinder for fruktbare arbeidsmåtar. Merk følgjande: Sterkare fagmiljø og digitale verktøy i fusjonerte institusjonar gir nye rammer for kva som konstituerer eit fagmiljø. Fusjonerte faglege fellesskap har ein fagleg autonomi som saman med vitug bruk av digital teknologi gjer det mogleg å tilby ulike utdanninger på ulike nivå på kryss og tvers av små og store campus. Potensialt for små og store campus er formidabelt.

Røynsler fra Høgskulen på Vestlandet

Å halda avtalar gir stabilt og felles arbeidsgrunnlag. Eit avgjerande grunnlag for å få til ein frivillig fusjon mellom tidlegare Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane var at styra ved dei tre høgskulane gjorde seg flid med å tinga fram ein solid fusjonsavtale. Det var ein avtale som dei ulike høgskulane kunne sjå seg tente med. For Høgskolen i Bergen ønskete å realisera ein universitetsambisjon. For Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund var det særleg viktig å kunna tilfredstilla dei nye kompetansekrava for ei 5-årig lærarutdanning. Men avtalen bar også bod om ei framtid der ei større eining kunne spela ei betre og viktigare regional, nasjonal og internasjonal rolle.

Fusjonsavtalen vart grunnlaget for kongeleg resolusjon av 17. juni 2016, og den formaliserte skipinga av Høgskulen på Vestlandet frå 1. januar 2017. Mål og ambisjonar er vidareført i Strategiplanen for Høgskulen på Vestlandet for 2019 – 2023

Høgskulen på Vestlandet arbeider for å verta eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. Men fusjonsavtalen, den kongelege resolusjonen og strategiplanen kviler også på at institusjonen skal ha fem sterke campus; i Bergen, på Stord, i Førde, i Haugesund og i Sogndal.

Sjølve fusjonsarbeidet er uansett ikkje rosenraudt. Det tek tid, det er arbeidskrevjande. Og for å seia det varsamt; det er ikkje alltid ein samanheng mellom ressurs- og arbeidskrevjande prosessar og fruktene dei kastar av seg. Tilsette i høgskulen legg ned eit formidabelt arbeid.

Ved å byggja Stein på Stein vil me nå måla våre både på kort og lang sikt. På vegen mot eit universitet skal me vera ein steikande god høgskule i utdanninga av studentar, i forskinga vår og i våre ulike samband med omverda. Vårt arbeid er viktig for Vestlandet og vårt arbeid er viktig for Noreg. Visjonen vår er enkel og jordnær, men samstundes særslig ambisiøs. Den svarar også godt på spørsmålet om kva høgskular og universitet er til for ved inngangen til 2020-talet: Kunnskap som byggjer menneske og samfunn.

Litteratur

- Gythfeldt, K., & Heggen, K. (2012). *Er høgskolene regionale kvalifiseringsinstitusjoner?: Likheter og ulikheter mellom høgskolene på Vestlandet og i hovedstadsregionen* (HiOA Rapport 5/2012).
- Hellevik, T. (2005). *På egne ben: Unges etableringsfase i Norge*. (nr 28 Doktoravhandling, Universitetet i Oslo). Universitetet i Oslo, (NOVA-rapport nr. 22, 2005). Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Høgestøl, A., & Bjørnebekk, O., *Kandidatundersøkelsen 2018. Frå studier til jobb på Vestlandet*. (idea2evidence-rapport 08-2018) (Sammen: Bergen).
- Kunnskapsdepartementet. (2015). *Meld. St. 18 (2014-2015). Konsentrasjon for kvalitet: Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*. Oslo: Kunnskapsdepartementet
- NOU 2008:3. (2008). *Sett under ett: Ny struktur i høyere utdanning: Utredning fra et offentlig utvalg oppnevnt av regjeringen 24. mai 2006: Avgitt til Kunnskapsdepartementet 22. januar 2008*. (9788258309533). Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning
- Røberg, K. I. K. (2014). *Høgskolenes betydning for regional rekruttering til næringsrettede profesjonsyrker* (HiOA Rapport 7/2014). Høgskolen i Oslo og Akershus: Oslo.
- Stambøl, L. S. (2011). *Den regionale betydningen av universitet og høgskoler: Notat til kompetansearbeidsplassutvalget* Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Yttri, G. (2016). *Gjennombrot og kjenneteikn : liner i soga om høgare utdanning i Sogn og Fjordane*. (Dr. Philos.). Universitetet i Oslo, Oslo